



SULA KOMMUNE

Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)

## INNHALD

<b>FØREORD</b> .....	3
<b>INNLEIING</b> .....	5
<b>MÅLET MED PLANEN</b> .....	6
Bakgrunn for planarbeidet - statlege føringar.....	6
<b>ANERKJENNING, IVARETAKING OG OPPFØLGING</b> .....	7
Kommunalt og offentleg veteranarbeid .....	9
Helsetenestene i kommunane .....	9
<b>TILTAKSDEL</b> .....	10
Anerkjenning.....	10
Ivaretaking .....	11
Oppfølging.....	12
<b>KONTAKTINFORMASJON</b> .....	13
Kommunale og lokale tenester .....	13
Kommunale veterankontakter:.....	13
Helsetenester .....	13
Trenge du hjelp eller nokon å snakke med? .....	14
Forsvaret .....	14
Veteranorganisasjonar .....	15
Andre aktørar og ressursar for ivaretaking og støtte.....	16

## FØREORD

### Helsing ved dei tre ordførarane

*Sidan 1947 har 100.000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar i over 40 land på våre vegne. Dei har bidrege til fred, stabilitet og menneskerettigheiter. Nokre av desse veteranane bur i våre kommunar.*

*Veteranane våre formidlar ei haldning til viktige verdiar som vi treng å bli minna på. Dei veit at fridom, menneskeverdet og demokratiet ikkje er sjølvsgagt.*

*Vi ønskjer å vise takknemlegheit og respekt for den innsatsen veteranane våre har gjort på vegne av Noreg. Vi vil og vise anerkjenning og respekt for viljen til å risikere liv og helse for landet.*

*Veteranane er menneske med ulike behov for oppfølging etter enda innsats. Vi vil gjennom ein felles veteranplan lage gode rutinar for oppfølging av den enkelte med sin familie etter dei behov som måtte oppstå. Vi håpar at tiltaka i veteranplanen vår skal bidra til anerkjenning og støtte til veteranane våre og deira næraste.*



F.v.: Kenneth Langvatn (Giske), Turid Humlen (Sula) og Håkon Lykkebø Strand (Ålesund)

*Foto: Sula kommune*

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

## **Helsing ved leiar for NVIO Sunnmøre**

(Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO):

*Endelig begynner virkningen av veteranarbeid fra frivillige krefter over mange år rundt i kommunene å blomstre.*

*Etter å ha deltatt i organisert frivillig arbeid for veteraner og jobbet aktivt for etablering av kommunale veteranplaner på hele Sunnmøre gjennom flere år er jeg stolt og glad for den måten Ålesund, Sula og Giske nå har tatt tak og etablert en egen interkommunal veteranplan.*

*Dette for å bidra til at innbyggerne som har tjenestegjort i Internasjonale Operasjoner for Norge, blir ivaretatt og anerkjent for det arbeidet de har utført på Norges vegne.*

### Anerkjennelse:

*Som veteran er seremonier og offentlige markeringer et viktig og synlig uttrykk for samfunnets anerkjennelse av både innsatsen og den enkelte veteran og deres familie. Dette bidrar til å ivareta historien og knytte bånd mellom veteraner og samfunnet.*

### Ivaretagelse:

*Alle veteraner bor i en kommune.*

*Kommunene er ansvarlige for at personer som er bosatt i kommunen skal tilbys nødvendige helse- og omsorgstjenester. For fastleger og ansatte i kommunens tjenester vil det være viktig å vite at årsaken til fysiske og psykiske helseplager kan være belastninger i tilknytning til internasjonale operasjoner, også når dette ligger langt tilbake i tid.*

*Vi ønsker en felles veteranplan for Ålesund, Sula og Giske velkommen.*



Jan Lund, leder Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO) avd Sunnmøre

*Foto: Ålesund kommune*

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

## INNLEIING

*(I denne planen er definisjonen på ein veteran ein person som har tenestegjort for Noreg i internasjonale operasjonar i krigs- og konfliktområde.)*

I følgje Forsvarets Veteraneneste var det i 2022 i alt 35 veteranar i Giske kommune, 22 i Sula kommune og 373 i Ålesund kommune (inkl. Haram). Dette talet omfattar dei som deltar, eller har deltatt, i internasjonale operasjonar sidan 1978.

Krigsveteranen Joachim H. Rønneberg (1919 – 2018) såg det som umåteleg viktig å minne, særleg unge menneske, om at fred og fridom ikkje er sjølvsgagt. Rønneberg gjentok stadig denne budskapet og framheva at dette er verdiar som det må kjempast for. Om nødvendig med våpen.



*Foto: Ålesund kommune.*

Under 2. verdskrig ofra mange nordmenn, også frå Sunnmøre, livet i kampen for eit fritt og demokratisk Noreg. Distriktet vårt er særleg kjent for «Englandsfarten» der lokale menneske, ofte sjøfolk, frakta motstandsmenn til England.

Mange år har gått sidan det var krig i Noreg, men nordmenn har vore og er med i kampen for fred og fridom i krigar og konfliktrar i mange andre land. Frå 1947 då Tysklandsbrigaden vart etablert, har over 100 000 norske kvinner og menn tenestegjort med det norske forsvaret i internasjonale operasjonar i over 40 land. Dei over 100 operasjonane i denne perioden er fordelt på fire verdsdelar, i land og område som Libanon, Balkan og Afghanistan.

Krigshelten Ragnar Ulstein (1920 – 2019) skreiv etter krigen fleire dokumentarbøker om Englandsfarten og andre hendingar i okkupasjonstida. Han understreka gong etter gong at vi ikkje må ta fridom for gitt. Det er noko kvar enkelt må stå opp for og kjempe for heile tida.

Russland sin blodige invasjon i Ukraina i starten av 2022 er ei brutal påminning om at fred og fridom ikkje er noko sjølvsgagt. Heller ikkje i Europa.

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

Den fridomen som vi nyt godt av i landet vårt i dag er kjempa fram av menneske som var villige til å ofre livet sitt. Mange gjekk i døden i fridomskampen under andre verdskrig, og mange nordmenn har seinare blitt skada eller mist livet i fredsbevarande, fredsopprettande eller statsbyggande innsats i andre land i verda.

Behandlinga av krigsseglarane etter andre verdskrig er eit tragisk døme på at det norske samfunnet tidlegare har svikta ansvaret for å både anerkjenne og vareta dei som har gjort ein innsats på vegne av nasjonen. I seinare år har både sentrale styresmakter og stadig fleire kommunar sett at ein treng løfte fram dei som har gjort teneste under krevjande forhold i internasjonale operasjonar.

Veteranplanen bygger på Regjeringa sin oppfølgingsplan for veteranarbeidet, og tiltaka er sortert på følgande område: Anerkjenning, ivaretaking og oppfølging.

Forsvarets veteraneneste og Norges veteranforbund for internasjonale operasjonar (NVIO Sunnmøre) har bidrege med nyttige erfaringar og konstruktive innspel.

## MÅLET MED PLANEN

Tanken bak arbeidet med veteranplanen er å systematisere veteranarbeidet, både overfor veteranane og familiane deira, og i og mellom kommunane. Dette gjeld før, under og etter den internasjonale tenesta for Noreg.

Planen skal vere:

- ein inngangsportale for veteranar til kommunale og andre offentlege tilbod
- ei hjelp for tilsette innan til dømes kultur, oppvekst og helse til å søke større kompetanse og utvikle betre samhandling til støtte for veteranar og familiane deira
- ein spire for lokalmiljøet til å anerkjenne veteranane, men også å ta imot kunnskap og ressursar veteranar med sin bakgrunn kan tilføre samfunnet

## Bakgrunn for planarbeidet - statlege føringar

Samfunnet har stegvis vorte meir medvite ansvaret for å vareta personellet og deira næraste når Forsvaret tar del i internasjonale operasjonar.

I 2009 vart St.meld. nr. 34 (2008–2009) «Fra vernepliktig til veteran» lagt fram. Meldinga handlar om ivaretaking av personell før, under og etter deltaking i internasjonale operasjonar. Regjeringa sin handlingsplan «I teneste for Norge» kom i 2013, og året etter kom oppfølgingsplanen som konkretiserte og vidareførte dette arbeidet.

Regjeringa understrekar at dei utsendte først og fremst er ein viktig ressurs for samfunnet på grunn av dei unike erfaringane dei har hausta og den auka kompetansen dei har tileigna seg. Dei fleste kjem styrka heim, men dei som måtte trenge oppfølging etter tenesta skal møte

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

eit kompetent apparat som er mest mogleg koordinert og saumlaust. Dei pårørnde skal varetakast. Dette er eit felles samfunnsansvar som føreset felles forpliktingar og samarbeid på tvers av samfunnssektorane.

Handlingsplanen legg føringar for kommunane. Mellom anna vert det peika på at kommunane spelar ei sentral rolle, og at det er på kommunalt nivå utfordringane er størst. Tettare og meir effektiv samhandling i sivil sektor, med fokus på kommunenivået, er derfor det berande elementet i oppfølgingsplanen frå 2014.

*«Det bør legges til rette for bedre samhandling og utvikling av lokale tiltak for oppfølging og ivaretagelse av personell som har vært i internasjonal tjeneste. Kommuner med et antall innbyggere som har vært i internasjonal tjeneste for Norge, oppfordres til å utarbeide kommunale eller interkommunale handlingsplaner. Handlingsplanene bør ivareta definerte samhandlingsutfordringer og behov som berører personellet og deres familier»,* heiter det i oppfølgingsplanen.

I 2020 kom ei ny Stortingsmelding 15 (2019 – 2022) *Også vi når det blir krevet – Veteraner i vår tid* med ein påfølgande tiltaksplan for oppfølging. Der oppfordrar Regjeringa fleire kommunar til å etablere, utvikle og nytte kommunale veteranplanar.

I 2018 fekk Statsforvaltarane i verksemd- og økonominstruksen i oppdrag å følge opp veteranarbeidet i møte med kommunane.

Oppfølging av veteranar har i dei tre kommunane Giske, Sula og Ålesund vore ivaretatt i dei generelle tenestene. I Ålesund er det i tillegg ein lang og god tradisjon å samarbeide med veteranar om markeringa av frigjerings- og veterandagen 8. mai.

Tanken er at den interkommunale planen skal styrke anerkjenning, varetaking og oppfølging av veteranane og familiane deira før, under og etter at dei har vore i internasjonal teneste for Noreg.

## ANERKJENNING, IVARETAKING OG OPPFØLGING

Den som reiser ut i internasjonale oppdrag får i dag god opplæring og er godt førebudd til oppgåvene dei skal utføre. Undersøkingar viser at det går bra med dei aller fleste i ettertid og at dei klarer seg godt både fysisk og mentalt.

Fysiske og psykiske belastningar/helseplager etter internasjonale oppdrag kan oppstå sjølv lenge etter vedkomande har kome heim, inntil fleire år. Det kan gjere det vanskelegare å forstå årsakene både for personen sjølv og hjelpeapparatet. Kunnskap om og merksemd på moglege etterverknadar frå denne typen oppdrag, blir viktig å fremje både hos fastlegar og tilsette i kommunale helsetenester.

Deltaking i internasjonale operasjonar påverkar ikkje berre den som reiser på oppdrag, men det påverkar også familien og andre i nettverket rundt personen; både før, under og etter oppdraget.

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**



*Foto: Torbjørn Kjosvold / Forsvaret*

I tillegg til saknet vil nærstående også kunne være engstelege og kjenne på redsel for kva som kan hende med den som er ute på oppdrag. Dette kan til dømes påvirke konsentrasjonen slik at det går utover skulen/arbeidet, det kan innverke på søvnkvaliteten, den generelle trivselen og humøret og så bortetter. Helsestasjonane og skulehelsetenesta bør derfor vere spesielt merksame og følgje opp barn med føresette som deltek i internasjonale operasjonar.

I eit parforhold har gjerne den parten som er heime hatt større og meir ansvar og varetatt fleire oppgåver. Fråværet kan ha skapt andre rutinar i heimen, og for den som har vore borte er der mange situasjonar og opplevingar som ein ikkje har vore ein del av. Det kan dermed vere utfordrande for familien og veteranen og skulle tilpasse seg til 'det normale' livet etterpå.

Nyare forskingsrapportar som seier noko om fysiske og psykiske belastningar/helseplager som veteranar og deira familiar kan oppleve er m.a.:

[Afghanistan-rapporten](#) som vart gitt ut av Forsvarets sanitet (FSAN) i 2020 viste mellom anna at 10,4 prosent av respondentane i undersøkinga meldte om psykiske belastningsskadar etter teneste i Afghanistan.

[VEFAM-rapporten](#) som ble utgitt av NKVTS (Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress) er den første store undersøkinga i Noreg som tar for seg veteranfamiliene sin helsesituasjon og belastningar ved internasjonale operasjonar.



## Kommunalt og offentlig veteranarbeid

Kommunale tenester som kan kome i kontakt med veteranar og som derfor bør ha kunnskap om veteranarbeid:

- fastlegar
- helsestasjonane
- psykisk helse og rusteneste
- tilsette i barnehagar og skular
- NAV
- veterankontaktar

### Helsetenestene i kommunane

Helsetenestene i kommunane skal ha informasjon og kompetanse om moglege utfordringar for veteranane og familiarane deira. Det er utvikla ulike e-læringskurs til forskjellige målgrupper til dette føremålet (generelt kurs, kurs for helsepersonell/faggrupper og kurs for psykologar og legar). Kursa gir grunnleggande kompetanse om veteranar, veteranfamiliar og kva utfordringar dei kan oppleve i samband med tenestegjering i internasjonale operasjonar. Kursa gir også informasjon om kva ressursar som finst på området (lenke til kursa finn ein under tiltak).

### Ulike helseplager som veteranar kan streve med

Innsatsen i internasjonale operasjonar kan ha ein høg pris for veteranane. Mange har vore vitne til menneskeleg lidingar og humanitære katastrofar. Dei kan har vore i kampar og stått i fare for å miste eige liv. Dette er opplevingar som kan føre til utfordringar i etterkant.

Nokon av dei mest vanlege psykiske helseplager som kan oppstå i etterkant er bl.a. posttraumatiske stresslidning/vanskar. Undersøkingar viser at veteranar utviklar vanskar seinare enn andre grupper og det derfor vere vanskelegare å relatere det til tenesta/oppdraget ute. Andre vanskar kan vere søvnplager, angst, depresjon eller rusmiddelproblem.

### Barrierar for å søke hjelp

Veteranar er gjerne vande med å klare seg sjølve og kan av den grunn søke hjelp først når vanskane har blitt store og alvorlege. Ein annan grunn til å ikkje søke hjelp kan vere at ein fryktar at det kan påverke moglegheitene til seinare å få reise på oppdrag. Manglande tillit til hjelpeapparatet eller at ein ikkje opplever seg ikkje forstått, kan vere ein annan grunn til at ein ikkje søker hjelp.

## TILTAKSDEL

Veteranplanen vil bli lagt inn i planstrategien som er kopla til handlingsdelen i økonomiplanen.

Finansiering av ulike tiltak vil skje i samband med kommunen si behandling av årsbudsjett.

### Anerkjenning

Kommunane skal vise veteranane merksemd, takksemd og ikkje minst respekt for den innsatsen dei har gjort på vegne av Noreg i fredsteneste. Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet sin anerkjenning både av innsatsen og den einskilde veteran.

Tiltak	Ansvar	Når
<b>8. mai; frigjerings- og veterandagen</b> Kommunane skal legge ned krans på minnesmerke, gjerne saman med veteranar.	Ordførar.	Årleg.
<b>FN-dagen 24. oktober</b> Skular og barnehagar vert oppmoda til å markere dagen. Ein kan gjerne invitere veteran(ar) til å bidra på ein eller annan måte, f.eks. å orientere om norsk innsats, korleis barn og ungdom sine oppvekstvilkår kan vere i område med krig og konflikt m.m.	Rektorar og styrarar.	Årleg.
<b>Verdsdagen for psykisk helse, 10. oktober</b> Det kan vere naturleg å samarbeide med relevante aktørar innan veteranmiljøet.	Tenester for psykisk helse og rusarbeid.	Årleg.
<b>Veteranane – ein ressurs i beredskapsarbeidet</b> Veteranane kan, med sin kompetanse og erfaring, vere ein ressurs ein kan dra veksling på i beredskapsarbeidet i kommunen. F.eks. ved at veteranorganisasjonane kan stille mannskap til rådvelde ved kriser/katastrofe.	Beredskapskontakt / kriseleiinga.	Ved behov.
<b>Kartlegging av minnesmerke</b> Det skal bli gjort ei kartlegging av minnesmerke i kommunane. Dette kan skje i samarbeid med veteranorganisasjonen. Ein tilrår at oversikta vert offentleggjort på kommunane sine nettsider.	Kulturkontoret/-avdelinga.	31.12.2024.

Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)



Foto: Ålesund kommune

## Ivaretaking

Personar/veteranar som er busette i kommunane skal bli tilbydde naudsynte helse- og omsorgstenester. For kommunalt tilsette innan helse og omsorg, oppvekst og fastlegar, vil det vere viktig å vite årsaka til at fysiske og psykiske helseplager kan vere belastningar knytt til internasjonale oppdrag, også når dette ligg langt tilbake i tid. Det er også viktig at familien blir godt ivaretatt.

Tiltak	Ansvar	Når
<p><b>Kompetanseheving i kommunehelsetenesta</b> Kommunehelsetenesta skal ha kunnskap om veteranar og internasjonale operasjonar. Dette skal bl.a. skje ved at ein har gått gjennom KS sitt e-læringskurs om veteranar som har deltatt i internasjonale operasjonar. Kurset finn ein her: <a href="https://www.kslaring.no">E-læring om veteraner for kommunalt tilsette (kslaring.no)</a> Kursbevis er tilgjengeleg.</p>	<p>Kommunalsjef helse og omsorg / meistring.</p>	<p>Innan utløpet av 3. tertial 2024.</p>
<p><b>Kompetanseheving i kommunehelsetenesta</b> Aktuelle kommunale aktørar og fastlegane kan og bli tilbydd kurs og opplæring frå nasjonalt eller regionalt kompetansesenter for vold og traumatisk stress (NKVTS / RVTS).</p>	<p>Nasjonalt eller reg. kompetansesenter for vold og traumatisk stress. Kommunane må etterspørje tilbod ved behov.</p>	<p>Ved behov.</p>

Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)

<b>Ivaretaking gjennom veteranorganisasjonar</b> Veteranorganisasjonar som SIOPS og NVIO kan bistå med lokalt tilpassa informasjonsmateriell. Dei kan og tilby råd - og rettleiingssamtalar gjennom sine likepersonsnettverk (POC-nettverk)	SIOPS eller NVIO.	Ved behov.
<b>Kompetanseheving for andre aktørar</b> Dei som ønsker få meir kunnskap om veteranar og internasjonale operasjonar, kan gjennomføre <a href="https://www.kslaring.no">e-læringskurs om veteraner for øvrige aktører (kslaring.no)</a>	Dette er eit e-læringskurs som andre interesserte kan gjennomføre.	Ved behov / ønske.

## Oppfølging

Dei fleste veteranar klarer seg bra etter enda teneste i internasjonale operasjonar, og rapporterer at det har vore ei nyttig erfaring, som har gitt nye perspektiv og impulsar. Einskilde veteranar opplever også at dei vil trenge oppfølging som følgje av psykiske eller fysiske helseplager som følgje av tenesta i internasjonale operasjonar.

Tiltak	Ansvar	Når
<b>Kommunale veterankontaktar</b> Kvar av kommunane skal ha ein veterankontakt. Denne har ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod og skal ha kunnskap om sentrale aktørar innanfor feltet og dei tilbod desse har. Veterankontaktane skal òg følge med på ny kunnskap og nye kurstilbod frå nasjonalt eller regionalt kompetansesenter for vold og traumatisk stress (NKVTS / RVTS).	Kommunedirektør.	Snarast.
<b>Kommunale nettsider</b> Vedtekne veteranplanar skal bli gjort tilgjengeleg på kommunane sine nettsider.	Kommunikasjon.	Innan 2 månadar etter vedtatt plan.
<b>Endring av veteranplan</b> Kommunane gjennomfører evaluering og revidering av plan i samband med kommunal planstrategi kvart fjerde år.  Forsvarets veteranteneste og representantar frå veteranorganisasjonar blir tatt med i arbeidet med rullering av planen. Første rullering av planen skjer etter ca. to år.	Kommunedirektør.  Kommunedirektør.	Saman med kommunal planstrategi kvart 4. år. Første rullering i 2026.

Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)

Kommunedirektøren kan gjere redaksjonelle endringar ved behov.	Veterankontakt.	
--	-----------------	--

## KONTAKTINFORMASJON

### Kommunale og lokale tenester

Dei kommunale veterankontaktene kan formidle kontaktinformasjon til tenestene i kommunen, til samarbeidsaktørar eller til andre instansar som kan gi særskilt rettleiing, hjelp eller støtte.

Kommunale veterankontakter:

- Ålesund kommune: Tlf.: 70 16 20 22  
Bjørn Arild Hatlem  
E-post: [Bjorn.Arild.Hatlem@alesund.kommune.no](mailto:Bjorn.Arild.Hatlem@alesund.kommune.no)
- Sula kommune: Tlf.: 70 19 91 00  
Frode Elias Synnes  
E-post: [Frode.Elias.Synnes@sula.kommune.no](mailto:Frode.Elias.Synnes@sula.kommune.no)
- Giske kommune: Tlf.: 70 18 80 00  
Ingvild Nautvik  
E-post: [Ingvild.Nautvik@giske.kommune.no](mailto:Ingvild.Nautvik@giske.kommune.no)

### Helsetenester

#### Ålesund kommune:

Koordinering og tildeling: Gir informasjon og handterer søknader om helsetenester

Tlf.: 7016 2200

Nettside: [Koordinering og tildeling - Ålesund kommune](#)

Rask psykisk helsehjelp:

Er eit lågterskeltilbod for dei som har lettare til moderate symptom på angst, depresjon eller søvnnvanskar. Behandlinga er basert på kognitiv terapi. Kognitiv terapi/metode krev at du sjølv deltar aktivt, blant anna gjennom heimeoppgåver og øvingar. Det er viktig at du er motivert for å kunne nytte dette tilbodet.

Nettside: [Rask psykisk helsehjelp - Ålesund kommune](#)

#### Sula kommune:

Koordinerande eining viser vidare i det ordinære tenesteapparatet for adekvat oppfølging.

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

Tlf.: 957 10 259

Nettside: [Koordinerende eining og tiltaks kontor - Sula kommune](#)

### **Giske kommune:**

Koordinerende team, Giske kommune

E-post: [koordinerende.team@giske.kommune.no](mailto:koordinerende.team@giske.kommune.no)

Nettside: [www.giske.kommune.no](http://www.giske.kommune.no) Tlf. 70 18 80 00

### **Familievernkontoret Sunnmøre**

Familievernkontoret er ope og tilgjengeleg for alle. Ein treng ikkje tilvising for å kome til oss. Tilbodet er gratis.

Kontaktinformasjon og opningstid:

Telefon: 466 17 390 Telefontid: 08.30 - 15.00

E-post: [familievernkontoret.sunnmore@bufetat.no](mailto:familievernkontoret.sunnmore@bufetat.no)

**Fastlege:** Nettside: [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no) – informasjon om/kontakt med fastlegeordninga

**Legevakt:** Tlf.: 116 117

**Ålesund sjukehus:** Tlf.: 70 10 50 00

## **Treng du hjelp eller nokon å snakke med?**

Mental helse hjelpetelefon: 116 123 – Døgnopen

Kirkens SOS krisetelefon: 22 40 00 40 – Døgnopen. Har også chatte-teneste.

Alarmtelefon barn og unge: 116 111 – Døgnopen

Kameratstøtte-telefonen: 800 48 500 – Døgnopen teneste

Forsvarets grønne linje - eit samarbeid mellom Forsvaret og Kirkens SOS

- Militært telefonnummer: 0510 3088 – døgnopen
- Sivilt telefonnummer: 800 30 445 – kvardagar mellom kl. 8 - 15

## **Forsvaret**

Forsvaret tilbyr ulike typar støtte og anerkjenning til soldatar, veteranar og deira næraste.

Alle som gjer teneste i ein internasjonal operasjon, kan bli heidra med ein deltakarmedalje. For innsats ut over det ein kan forvente, kan ein bli tildelt ein stridsdekorasjon eller fortienstmedalje. Dersom du eller nokon du kjenner manglar ein deltakarmedalje kan du søke om å få medaljen. Lenke: <https://www.forsvaret.no/om-forsvaret/uniformer-grader-medaljer/medaljer/innstille-til-medalje>.

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

Forsvaret sine tilbud er vist på deira nettsider: [www.forsvaret.no/veteraner/tibud-og-aktiviteter](http://www.forsvaret.no/veteraner/tibud-og-aktiviteter) og omfattar m.a.:

**Forsvarets grønne linje** - eit samarbeid mellom Forsvaret og Kirkens SOS.

Militært telefonnummer: 0510 3088 - døgnopen

Sivilt telefonnummer: 800 30 445 – kvardagar mellom kl. 8 - 15

**Forsvarets «åpne dør» for veteranar**

Gir informasjon om dekorasjonar, internasjonale operasjonar eller veteranaktiviteter. Gir råd og rettleiing om Forsvaret og samfunnet sine ulike tilbud til veteranar.

E-Post: [veteraner@mil.no](mailto:veteraner@mil.no) Telefon: 800 85 000

Telefon: 800 85 000

**Forsvarets helsetilbod ved somatisk og psykiatriske utfordringar**

Kontoret for psykiatri og stressmestring og Nasjonal militærmedisinske poliklinikk

E-post: [fsan.nmp@mil.no](mailto:fsan.nmp@mil.no) Telefon : 23 09 79 30

**Forsvarets veteransenter**

Forsvarets veteransenter på Bæreia i Kongsvinger er eit aktivitets- og rekreasjonsenter – eksklusivt for Forsvaret sine veteranar og deira familiar. Senteret har ei rekkje tilbud tilpassa veteranar, og ein stab som står parat for å gjere opphaldet best mogeleg.

Adresse: Bæreiavegen 588, 2208 Kongsvinger

Telefon: 62 82 01 00

Epost: [veteransenteret@mil.no](mailto:veteransenteret@mil.no)

Nettside: [www.forsvaret.no/veteransenteret](http://www.forsvaret.no/veteransenteret)

**I teneste for Norge:**

Veteranar fortel sine historier – om Noregs innsats i internasjonale operasjonar.

Nettside : <https://www.itjenestefornorge.no/>

**Forsvarets veterantreff** - Over heile landet blir det arrangert månadlege veterantreff der Forsvaret sponsar mat, men den enkelte veteran dekkar drikke sjølv.

Desse treffa er populære og er ein naturleg møtearena for mange av Forsvaret sine veteranar.

**Veteranorganisasjonar**

Veteranorganisasjonane har stor kunnskap, innsikt og kompetanse om Forsvaret sine veteranar. Organisasjonane driv bl.a. informasjonsarbeid, skapar sosiale møtestadar, er aktive i samfunnsdebatten og er viktige bidragsytarar til at veteranane får større anerkjenning.

**Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner (NVIO):**

NVIO jobbar for å fremje interessene til veteranar og deira pårørande. Dette inkluderer bl.a. eit landsomfattande kameratstøttearbeid. Dette er eit «likepersonnettverk» som kan støtte veteranar og familiare deira gjennom ulike utfordringar.

Telefon: 94 01 22 00

**Vedtatt i kommunestyra i høvesvis Giske 18.04.24 (sak 055/24),  
Sula 21.03.24 (sak 017/24) og Ålesund 21.03.24 (sak 034/24)**

Epost: [post@nvio.no](mailto:post@nvio.no)  
Nettside: [www.nvio.no](http://www.nvio.no)

Kameratstøtte – NVIO si rettleiingsteneste til hjelp for veteranar og familien:  
Telefon: 800 48 500 - landsdekkande døgnbemanna hjelpetelefon, anonymitet.  
Nettside: [www.kameratstotte.no](http://www.kameratstotte.no)

NVIO avdeling Sunnmøre – lokal avdeling for veteranane på Sunnmøre:  
Kontaktinformasjon Telefon:969 08 420 E-post: [post@sunnmore.nvio.no](mailto:post@sunnmore.nvio.no)

**Veteranforbundet SIOPS - Skadde i internasjonale operasjoner:**

Bistår i oppfølging og rettleiing i møtet med det offentlege, juridisk hjelp og eksperthjelp innan økonomiske og helsemessige spørsmål.  
Telefon: 22 69 56 50  
Epost: [post@siops.no](mailto:post@siops.no)  
Nettside: [www.siops.no](http://www.siops.no)

## **Andre aktørar og ressursar for ivaretaking og støtte**

### **NAV Elverum**

NAV har ansvar for at personar som har gjort teneste i internasjonale operasjonar og innsats for Noreg, får god oppfølging. Kompetansmiljøet for veteransaker ved NAV Elverum kan hjelpe dei som har gjort teneste og deira nærast pårørande.  
Telefon: 55 55 33 33  
Nettside: [NAV Elverum - nav.no](http://NAV.Elverum-nav.no)

### **Regionalt senter for vold og selvmordsforebygging (RVTS), Trondheim:**

Kompetansmiljø for tenester som arbeider med traume, vald og sjølvmondsførebygging  
Telefon: 72 82 20 05  
Nettside: [www.rvts.no](http://www.rvts.no)

**SMART** – er ein APP utarbeida av Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging (RVTS). Dette er ei verktøykasse for å hjelpe veteranar og andre som arbeider i kriseområde med stressmestring. Appen er gratis.